

**MØTEPROTOKOLL**

**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** *Kommunestyresalen Myravegen 11*  
**Dato:** *28.01.2019*  
**Møte tok til** *12:00*  
**Møte slutta** *18:20*

Formannskapet var kalla inn i samsvar med kommunelova § 32, pkt.2 og reglementet til Hareid kommune.

Medlemene har vorte varsla skriftleg via e-post. Saksdokumentene har vore utlagde til ålment ettersom på heimesida til Hareid kommune frå 24.01.19.

**Faste medlemar som møtte:**

Namn	Funksjon	Representerar
Stian Runne Brandal	Medlem	AP
Kristian Fuglseth	Nestleiar/varaordfører	FOHAR
Ranja Dimmen Alme	Medlem	FOHAR
Jeanette Teigene	Medlem	FRP
Annika Brandal	Medlem	V

**Faste medlemar som ikkje møtte:**

Namn	Funksjon	Representerar
Oskar Jarle Grimstad	MEDL	FRP
Anders Riise	LEDER	H

**Varamedlemar som møtte:**

Namn	Møtte for	Representerar
Ottar Røyset tom PS 13/19 (-PS 8/19)	Oskar Jarle Grimstad	H
Wenche J.H. Jøsok frå PS 8/19	Anders Riise	H

Kristian Fuglseth leia møtet

6 voterande frå start

**Formannskapet handsama sakene i denne rekkefølga:**

PS 1/19  
PS 2/19  
PS 3/19  
    RS 1/19  
PS 4/19  
PS 5/19  
PS 6/19  
PS 7/19  
PS 9/19  
PS 11/19  
PS 10/19  
PS 12/19  
PS 13/19  
PS 14/19  
PS 16/19  
PS 8/19 —  
PS 15/19

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Ragnhild Velsvik Berge	Rådmann
Christina Steffensen	Einingsleiar
Silja Øvrelid	Einingsleiar
Kai-Rune Bjørke	Kommunalsjef
Eivind Longva	Kommunalsjef
Pergunn R. Gjersbakk	Einingsleiar
Kariann Bigset	Ass. Rådmann
Monica Svoren	Konst. kommunalsjef
Egil Mortensen	Økonomileiar
Christine Øvrelid	Kulturkonsulent
Vebjørn Groven	Sakshandsam
Oddrun Alme Mork	Rådgevar
Anne-Karete Mork	Møtesekretær
Erlend Friestad	Møtesekretær

**SAKLISTE MED SAKSDOKUMENT**

Saksnr	Tittel	Arkivsaksnr
	<b>Politiske saker</b>	
PS 1/19	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 2/19	Godkjenning av protokoll førre møte	
PS 3/19	Referatsaker	
RS 1/19	Vest - Miljø AS - Varsel om stans i mottak av avfall	2018/2249
	<b>Politiske saker</b>	
PS 4/19	Søknad om skjenkeløyve - Naboen Restaurant Hareid AS	2018/2186
PS 5/19	Finansiering av ny kai på indre hamn i Hareid	2018/2310
PS 6/19	Ungdomsrådet i Hareid- Vedtekter	2019/61
PS 7/19	Avklaringar i etterkant, og vedtak som følgje av budsjettvedtak 2019	2018/1186



PS 8/19	Finansiering av Engeskartunnelen	2018/13
PS 9/19	Deltaking i interkommunal styringsgruppe med utgangspunkt i 3 k samarbeid mellom Vanylven, Herøy og Sande	2019/133
PS 10/19	Oppretting av effektiviseringsutval	2019/132
PS 11/19	Godkjenning av utbyggingsavtale - Iverskogen (Planid 20150005) - Total -Bygg Hjørungavåg AS	2016/954
PS 12/19	Månadsrapportering november 2018	2018/542
PS 13/19	Hareid Sokn - Avklaringar i høve drift og budsjett	2019/103
PS 14/19	Behandling av klage frå Fylkesmannen	2018/1299
PS 16/19	Endring av rettskrins for Hareid kommune	2018/666
PS 17/19	Debatthefta 2019	2019/88
	<b>Lukka møte:</b> <i>I samsvar med Kom.lova § 31.5 jf Off.lova § 25.1-tilsettingssak</i>	
PS 15/19	Tilsetting. Kommunalsjef i sektor for velferd	2018/1986

Hareid, 23.01.2019

Anders Riise  
ordfører

Erlend Friestad  
utvalsekretær



## POLITISKE SAKER

### PS 1/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

#### Formannskapet si handsaming:

Kristian Fuglseth leia møtet i ordførarens fråvær.

Det blei valt settevaraordførar.

**Annika Brandal, Venstre**, føreslo Jeanette Teigane, Frp.

Samrøystes vedteke

Jeanette Teigane, Frp, er settevaraordførar.

Sak 8/19 blei flytta til slutt i møtet fordi det var mogleg at den måtte lukkast på grunn av informasjon om anbud.

I tillegg til ordinær sakliste vart fylgjande fire spørsmål stilt i møtet:

**Annika Brandal, Venstre**, stilte spørsmål om kommunen sitt engasjement for å bevare Mork rehabiliteringssenter.  
Rådmannen svarte.

**Annika Brandal, Venstre**, stilte spørsmål om rådmannen har plassert kven/kva avdeling som skal ha ansvar for å jobbe med reiseliv i kommunen.  
Rådmannen svarte.

**Jeanette Teigane, Frp**, stilte spørsmål om framdrifta i byggeprosjekta til kommunen. Ho påpeika at ho ønska dette som ei fast orientering i formannskapsmøta.  
Kristian Fuglseth orienterte om byggenemnda.

**Kristian Fuglseth, Foha**, stilte spørsmål om det har vore rådmannsmøte i november og desember.  
Rådmannen svarte.

#### Røysting:

Samrøystes.

#### Vedtak:

Innkalling og sakliste blei godkjende utan merknad.

### PS 2/19 Godkjenning av protokoll førre møte

#### Formannskapet si handsaming:

Det var ingen merknad til protokollen frå førre møte.

#### Røysting:

Samrøystes.



**Vedtak:**

Protokoll frå førre møte, 13.12.18, blei godkjend utan merknad.

**PS 3/19 Referatsaker**

**Formannskapet si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Teke til vitande.

**RS 1/19 Vest - Miljø AS - Varsel om stans i mottak av avfall**



**POLITISKE SAKER**

**PS 4/19 Søknad om skjenkeløyve - Naboen Restaurant Hareid AS**

**Formannskapet si handsaming:**

**Røysting:**

Samrøystes

**Formannskapet si tilråding frå møte 28. januar 2019:**

Hareid kommunestyre har vurdert søknaden frå Naboen Restaurant Hareid AS (org.nr. 921523157), dagsett 20.11.18, og fråsegnene som er mottekne i saka.

Kommunestyret gjev alminneleg skjenkeløyve for alkohol inntil 60 vol. % for skjenkestaden i Strandgata 85 (Nordeabygget).

**Skjenketida for alkohol**

Varegruppe 1 (frå 2,5 til 4,7 %) og 2 (frå 4,7 til 22 %) vert avgrensa mellom kl. 11.00 – 01.00 søndag – torsdag og mellom kl. 11.00 – 02.00 fredag og laurdag på område som vert vist i vedlegg 2.

Varegruppe 3 (frå 22 til 60 %) vert avgrensa mellom kl. 13.00 og 24.00 alle dagar på område som vert vist i vedlegg 3.

Utvida skjenketid i romjula (2. juledag – 1. nyttårsdag) og påskeveka (frå måndag etter palmesøndag til 2. påskedag) til kl. 02.00 for varegruppe 1 og 2 på område som vert vist i vedlegg 3.

Konsum av alkohol på skjenkestaden skal vere slutt seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

**Styrrar og vara for løyvet:**

Rafat Ghazi vert godkjent styrrar for skjenkeløyvet når andre tek over som skjenkestyrrar for løyvet på Naboen Restaurant på Larsnes.

Verksemda må ha vara for styrrar. Løyve trer i kraft når skjenkestaden har sendt inn dokumentasjon på vara for styrrar og der ikkje ligg føre merknadar på vedkommande frå Politi og Skatt.

Dette vert grunngjeve med likebehandling for alle skjenkestadane i kommunen innanfor dei rammene som er gitt av alkoholloven.

**Vilkår for løyvet:**

Internkontrollrutinar for skjenking skal leverast kommunen innan 28.02.19.

Styrrar skal delta på kurs i ansvarleg vertskap når dette vert arrangert.

Løyveperiode gjeld frå 26.10.2017 - 30. september 2020. Løyvet vert gitt med atterhald om at det ikkje kjem inn merknadar på skjenkestyrrar frå Skatt Midt Norge og Ulstein og Hareid lensmannskontor.

**PS 5/19 Finansiering av ny kai på indre hamn i Hareid**



**Formannskapet si handsaming:**

**Tilråding frå rådmannen:**

Hareid kommunestyre vedtek ei tilleggsløyving på kr 3 844 000 til investeringsprosjektet «Polarstarkaia». Kommunestyret har tidlegare løyvd kr 3 125 000 til dette prosjektet og samla løyving vert etter dette kr 6 969 000. Den samla løyvinga skal dekke riving av den eksisterande kaia, samt oppføring av ny kai, slik dette er omtala i saksutgreiinga.

Tiltaket skal finansierast med kr 5 575 200 i låneopptak på ansvar HAMN (6522) og kr 1 393 800 i MVA-kompensasjon.

Kai-Rune Bjørke og Christine Steffensen svara på spørsmål.

**Annika Brandal, Venstre**, føreslo å utsette saka til neste møte, men at det ikkje skulle stoppe rivinga av kaia.

—  
Det blei røysta over utsettingsforslaget.

**Røysting:**

Samrøystes utsett.

**Vedtak:**

Saka utsett til neste møte.

**PS 6/19 Ungdomsrådet i Hareid- Vedtekter**

**Formannskapet si handsaming:**

**Forslag frå Kristian Fuglseth, Fohar:**

*Kommunestyret godkjenner vedtektene i Hareid ungdomsråd slik dei føreligg i sakspapira.*

**Tilleggsforslag frå Ottar Røyset, H:**

*Kommunestyret ber rådmannen sette i gang valnemnda for å finne dei to politiske representantane til ungdomsrådet.*

**Røysting:**

Samrøystes

**Formannskapet si tilråding frå møte 28. januar 2019:**

Kommunestyret godkjenner vedtektene i Hareid ungdomsråd slik dei føreligg i sakspapira.

Kommunestyret ber rådmannen sette i gang valnemnda for å finne dei to politiske representantane til ungdomsrådet.



## PS 7/19 Avklaringar i etterkant, og vedtak som følgje av budsjettvedtak 2019

### Formannskapet si handsaming:

Stian Runne Brandal stilte spørsmål om si gildskap sidan arbeidsgivaren hans er Nav jf 9. underpunkt i 4. kulepunkt i rådmannen si tilråding.

Stian Rune går frå møtet

5 voterande

Samrøystes kjent gild.

Stian Runne Brandal trer inn i møtet igjen.

6 voterande

### Spørsmål frå Kristian Fuglseth, Fohar:

Kva legg rådmannen i punktet om at «Kommunestyret tek informasjon om prosjekt «Omregulering av bedehustomta i Kjøpmannsgata» til vitande?»

Rådmannen og Kai-Rune Bjørke svarte.

**Kristian Fuglseth, Fohar**, kom med eit tilleggsforslag til kulepunkt 1:

*«Føresetnad er ei vekting på 25 prosent på båt og 75 prosent på brygge.»*

Fuglseth kom med eit tillegg til forslaget sitt:

*«Dersom vektinga ikkje er tilfredsstillande blir saka sendt til NMU.»*

Fuglseth trakk forslaga og la fram følgande forslag til kulepunkt 1:

*«Kommunestyret vedtek prosjektet «Båt og brygge», kr. 2 000 000 inkl. MVA., som finansierast ved bruk av lån. Prosjektet er ein del av sjølvkostområdet. Formannskapet vil gjerne at sjølve innkjøpet vert handsama i NMU.»*

### Røysting:

Røysta alternaivt over punkt 1. Fuglseth sitt forslag fekk to røyster og fall.

Dei restarande punkta samrøystes vedteke.

### Formannskapet si tilråding frå møte 28. januar 2019:

- Kommunestyret vedtek prosjektet «Båt og brygge», kr. 2 000 000 inkl. MVA., som finansierast ved bruk av lån. Prosjektet er ein del av sjølvkostområdet og påverkar ikkje drifta.
- Hareid kommunestyre gjev løyve til at Herøy kommune kan nytte Hareid sin del i investeringsfondet etter Søre Sunnmøre Landbrukskontor, til eit digitaliseringsprosjekt i høve landbruksarkivet. Tilskotet frå Hareid kommune er avgrensa til det som allereie ligg føre av midlar i disposisjonsfondet og det vert ikkje gitt noko tilskot utover dette.
  - Vedtaket om løyve til bruk av disposisjonsfondet gjeld berre dersom alle kommunane i samarbeidet gjer vedtak om å nytte fondet til digitalisering av landbruksarkivet.
- Kommunestyret tek informasjon om prosjekt «Omregulering av bedehustomta i Kjøpmannsgata» til vitande.





- I samband med budsjettvedtaket for budsjettåret 2019, blei det fordelt innsparingar sektorvis. Kommunestyret vedtek desse budsjettendringane på følgande einingar;
  - Barnehagane Syverplassen 50%, Bigset 70% Hareid 50% med totalt 395 000,-
  - Oppvekstkontor, 83 000,-
  - Oppvekstkontor, 263 000,-
  - Plan byggesak geodata, 350 000,-
  - Samfunskontor, 169 000,-
  - Politisk styring og kontroll, 59 000,-
  - Servicetorg og politisk sekretariat, 279 000,-
  - Velferdskontor, 405 000,-
  - NAV-kommune, 150 000,-
  - Helse og koordinerande eining, 171 000,-
  - Bu-avdeling, 10 000,-
  - Skjerma-eining, 10 000,-
  - Somatisk eining, 10 000,-
  - Heimeteneste eining, 10 000,-

## PS 8/19 Finansiering av Engeskartunnelen

### Formannskapet si handsaming:

Pause kl 1615-25

Christina Steffensen og Vebjørn Groven orienterte om saka

Pause med gruppemøte kl 1710-1725

**Annika Brandal, V**, føreslår å lukke møtet slik at formannskapet kan bli opplyst om konkrete tal i anboda.

Samrøystes vedteke å lukke møte i samsvar med Kommunelova § 31 5. ledd jf. Offentlegheitslova § 23 3. ledd

Møte opna før røystinga.

### Røysting:

Rådmannens tilråding samrøystes vedteke.

### Formannskapet si tilråding frå møte 28. januar 2019:s

Hareid kommunestyre vedtek ei tilleggsløyving på kr 4 000 000 til investeringsprosjektet utbetring av Engeskartunnelen. Kommunestyret har tidlegare løyvd kr 6 000 000 til dette prosjektet og samla løyving vert etter dette kr 10 000 000. Den samla løyvinga skal dekke utviding og utbetring av eksisterande tunnell slik dette er omtala i saksutgreiinga.

Tiltaket skal finansierast med kr 8 000 000 i låneopptak på ansvar VEG (6520) og kr 2 000 000 i MVA-kompensasjon.



## PS 9/19 Deltaking i interkommunal styringsgruppe med utgangspunkt i 3 k samarbeid mellom Vanylven, Herøy og Sande

### Formannskapet si handsaming:

Rådmannen orienterte om prosjektet.

Kl 14: Wenche Jøsok, H, kjem til møtet

7 voterande

**Ottar Røyset, H**, fremja utsettingsforslag.

### Røysting:

Utsettingsforslaget fekk 4 stemmer mot 3.

### Vedtak:

Saka blei utsett til neste møte.

## PS 10/19 Oppretting av effektiviseringsutval

### Formannskapet si handsaming:

**Stian Runne Brandal, Ap**, føreslo *Ragnhild Nedrelid* til punkt 3 i rådmannens tilråding.

**Jeanette Teigene, Frp**, føreslo *Ottar Røyset* til punkt 3

**Kristian Fuglseth, Fohar**, føreslo *Bernt Brandal* til punkt 3

**Kristian Fuglseth, Fohar**, fremma eit alternativt forslag til rådmannen si tilråding:

1. Formannskapet set ned eit effektiviseringsutval med slik representasjon:
  - a. Rådmannen peikar ut assisterande rådmann og økonomileiar til utvalet
  - b. Formannskapet peikar ut tre representantar til utvalet:
    - i. Ragnhild Nedrelid
    - ii. Bernt Brandal
    - iii. Ottar Røyset
  - c. Arbeidstakarorganisasjonane vel ein medlem som representerer dei tilsette i utvalet
2. Utvalet kjem med framlegg om mandat til neste formannskapsmøte. Utgangspunktet er tilhøve omtala i saksutgreiinga, og særskilt målsetjing, prosess og tidsplan

Wenche Jøsok føreslo Berte Holstad Engen i staden for Ottar Røyset.

Stian Runne Brandal trakk forslaget om Ragnhild Nedrelid.

Dei tidlegare forslaga blei trekt og det blei i staden fremma eit fellesforslag:

1. Formannskapet set ned eit effektiviseringsutval med slik representasjon:
  - a. Rådmannen peikar ut assisterande rådmann og økonomileiar til utvalet
  - b. Formannskapet peikar ut tre representantar til utvalet:



- i. Berte Holstad Engen (H)
    - ii. Bernt Brandal (Foha)
    - iii. tomt
  - c. Arbeidstakarorganisasjonane vel ein medlem som representerer dei tilsette i utvalet
2. Utvalet kjem med framlegg om mandat til neste formannskapsmøte. Utgangspunktet er tilhøve omtala i saksutgreiinga, og særskilt målsetjing, prosess og tidsplan

### **Røysting:**

Fellesforslaget blei samrøystes vedteke

### **Vedtak:**

1. Formannskapet set ned eit effektiviseringsutval med slik representasjon:
  - a. Rådmannen peikar ut assisterande rådmann og økonomileiar til utvalet
  - b. Formannskapet peikar ut tre representantar til utvalet:
    - i. Berte Holstad Engen (H)
    - ii. Bernt Brandal
    - iii. tomt
  - c. Arbeidstakarorganisasjonane vel ein medlem som representerer dei tilsette i utvalet
2. Utvalet kjem med framlegg om mandat til neste formannskapsmøte. Utgangspunktet er tilhøve omtala i saksutgreiinga, og særskilt målsetjing, prosess og tidsplan

## **PS 11/19 Godkjenning av utbyggingsavtale - Iverskogen (Planid 20150005) - Total-Bygg Hjørungavåg AS**

### **Formannskapet si handsaming:**

Pause frå 1430-1445

### **Røysting:**

Samrøystes

### **Formannskapet si tilråding frå møte 28. januar 2019:**

Kommunestyret godkjenner utbyggingsavtale mellom Hareid kommune og Total-Bygg Hjørungavåg AS (heretter kalla utbygger) slik den ligg føre. Kommunestyret gir Rådmannen fullmakt til å legge ved kontraktstandard for totalentreprise NS 8407 i samsvar med avtalen.

## **PS 12/19 Månadsrapportering november 2018**

### **Formannskapet si handsaming:**

Økonomileiar Egil Mortensen orienterte.

### **Røysting:**

Samrøystes.



**Vedtak:**

Formannskapet tek saka til vitande.

**PS 13/19 Hareid Sokn - Avklaringar i høve drift og budsjett**

**Formannskapet si handsaming:**

Rådmannen si tilråding:

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannen si utgreiing der det ikkje vert lagt opp til å nytte kapasitet frå Uteseksjonen til å bistå kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar tilsvarande 30% stilling.

Rådmannen hadde to alternativ til punkt to:

2 a) Kommunestyret syner til Hareid Sokn sitt skriv og tek til vitande at Soknet sjølv har auka kapasiteten til tilfredsstillande nivå for å kunne handtere utvida vedlikehald på kyrkjegarden. Soknet må sjølv syte for å dekke lønsmidlar innan eiga ramme.

2 b) Kommunestyret syner til Hareid Sokn sitt skriv og tek til vitande at Soknet sjølv har auka kapasiteten til tilfredsstillande nivå for å kunne handtere utvida vedlikehald på kyrkjegarden. Kommunestyret vedtek å auke overføringane til Soknet med kr. 101.000,- for å dekke den auka lønskostnaden.

Kommunestyret ber Rådmannen arbeide dette inn budsjettet ved revisjonen Juni 2019.

**Kristian Fuglseth, Fohar**, fremma følgande alternative forslag til punkt 2

*2 c) Kommunestyret vedtek å auke overføringane til Soknet med kr. 139.000,- for å dekke den auka lønskostnaden. Kommunestyret ber Rådmannen arbeide dette inn budsjettet ved revisjonen juni 2019.*

**Røysting:**

Det blei fyrst røysta over punkt 1 i rådmannen si tilråding. Det blei vedteke mot to stemmer.

Det blei røysta alternativt over dei tre alternativa i punkt 2.

Alternativ 2a blei vedteke mot to stemmer.

**Formannskapet si tilråding frå møte 28. januar 2019:**

1. Kommunestyret sluttar seg til rådmannen si utgreiing der det ikkje vert lagt opp til å nytte kapasitet frå Uteseksjonen til å bistå kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar tilsvarande 30% stilling.

2. Kommunestyret syner til Hareid Sokn sitt skriv og tek til vitande at Soknet sjølv har auka kapasiteten til tilfredsstillande nivå for å kunne handtere utvida vedlikehald på kyrkjegarden. Soknet må sjølv syte for å dekke lønsmidlar innan eiga ramme.



## PS 14/19 Behandling av klage frå Fylkesmannen

### Formannskapet si handsaming:

Tilråding frå rådmannen:

Hareid Formannskap tek klagen til fylgje og opphevar vedtak i PS 125/18. datert 16.11.2018, og det vert gjort fylgjande vedtak:

Med heimel i §19-2 i Plan- og bygningslova gir Hareid Formannskap **ikkje** dispensasjon frå punkt 3.2.6 A og B i Kommuneplanen som omsøkt.

Grunngjevinga for at ein tek klagen til fylgje er at ein er einige i argumenta til Fylkesmannen og er samd i at tiltaket som omsøkt vil kunne verke privatiserande, og hindre fri ferdsel i strandsona. Ved å gje dispensasjon som omsøkt vil ein tilsidesette omsyna bak kommuneplanen i så stor grad, att grunnlaget for dispensasjon difor ikkje ligg føre.

Ottar Røyset\_ fekk permisjon frå resten av møtet

**6 voterande**

**Jeanette Teigene, Frp**, fremma følgjande forslag:

*Hareid formannskap tek ikkje klagen til følgje og stadfester vedtak i PS 125/18.*

«Hareid Formannskap gir dispensasjon i tråd med søknad datert 12.09.2018, jf. § 19-2 i Plan- og bygningslova, då tiltaket ikkje vil vesentleg tilsidesette omsyna bak kommuneplanen sine føringar jf. Føresegnene 3.2.6, punkt a og g. Grunngjeving for dispensasjonen er at kommuneplanens føremål, fritidsføremål, ikkje vil setjast til side med bakgrunn i at området fortsatt skal nyttast til fritidsføremål i form av eit naust. Ein dispensasjon frå kommuneplanens føresegner kapittel 3.2.6 punkt a og g, der tiltakshavar får løyve til å isolere naustet samt utvide dagslysflate på over 3 prosent av hovudplanet sitt BRA er ikkje å rekne som meir privatiserande enn kva området er i dag allereie. Det vil fortsatt vere gangmoglegheit langs strandsona. Hareid kommune er etter statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen klassifisert som ei kommune med mindre arealpress. Det er difor blant anna følgjande som gjeld for Hareid kommune knytt til byggeforbodet i 100- metersbeltet langs sjøen; 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal berre tillatast etter ei konkret vurdering ut frå lokale forhold. Vidare er det retningslinjer til dømes at utbygging bør som langt som mogleg lokaliserast til område som er bebygd før, almenne interesser, og liknande som gjeld. Vurderinga vil også vere avhengig av kva type tiltak det gjeld, det kan til dømes vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanlegg. Med dette i bakgrunn vurderer Hareid Formannskap fordelane vesentleg større enn ulempene, og gir difor dispensasjon. Med dette tiltaket vil ein får ei forskjønning HAREID KOMMUNE Side 7 av 8 av areal i strandsona nær sentrum, utan at ein mister gangmoglegheiter langs strandsona.»

### Røysting:

Dei to forslaget blei satt opp mot kvarandre.

Teigene sitt forslag ble vedteke med fire mot to stemmer.

### Vedtak:

Hareid formannskap tek ikkje klagen til følgje og stadfester vedtak i PS 125/18:

«Hareid Formannskap gir dispensasjon i tråd med søknad datert 12.09.2018, jf. § 19-2 i Plan- og bygningslova, då tiltaket ikkje vil vesentleg tilsidesette omsyna bak kommuneplanen sine føringar jf. Føresegnene 3.2.6, punkt a og g. Grunngjeving for dispensasjonen er at



kommuneplanens føremål, fritidsføremål, ikkje vil setjast til side med bakgrunn i at området fortsatt skal nyttast til fritidsføremål i form av eit naust. Ein dispensasjon frå kommuneplanens føresegner kapittel 3.2.6 punkt a og g, der tiltakshavar får løyve til å isolere naustet samt utvide dagslysflate på over 3 prosent av hovudplanet sitt BRA er ikkje å rekne som meir privatiserande enn kva området er i dag allereie. Det vil fortsatt vere gangmoglegheit langs strandsona. Hareid kommune er etter statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsonen langs sjøen klassifisert som ei kommune med mindre arealpress. Det er difor blant anna følgjande som gjeld for Hareid kommune knytt til byggeforbodet i 100- metersbeltet langs sjøen; 100-metersbeltet er av nasjonal interesse, og bygging her i de nevnte kommunene skal berre tillatast etter ei konkret vurdering ut frå lokale forhold. Vidare er det retningslinjer til dømes at utbygging bør som langt som mogleg lokaliserast til område som er bebygd før, almenne interesser, og liknande som gjeld. Vurderinga vil også vere avhengig av kva type tiltak det gjeld, det kan til dømes vere grunnlag for å tillate visse tiltak nær sjøen, som for eksempel brygger, naust, næringstiltak og sjøretta reiselivsanelegg. Med dette i bakgrunn vurderer Hareid Formannskap fordelane vesentleg større enn ulempene, og gir difor dispensasjon. Med dette tiltaket vil ein får ei forskjønning HAREID KOMMUNE Side 7 av 8 av areal i strandsona nær sentrum, utan at ein mister gangmoglegheiter langs strandsona.»

---

## **PS 16/19 Endring av rettskrins for Hareid kommune**

### **Formannskapet si handsaming:**

#### **Rådmannen si tilråding:**

Hareid kommune søker om å endre rettskrins til Søre Sunnmøre.

#### **Røysting:**

Vedteke mot ei røyst.

#### **Vedtak:**

Hareid kommune søker om å endre rettskrins til Søre Sunnmøre.

## **PS 17/19 Debattheft 2019**

### **Formannskapet si handsaming:**

#### **Røysting:**

Samrøystes vedteke

#### **Vedtak:**

Formannskapet tek KS sitt debattheft for 2019 til vitande. Utskrift av saksframstillinga vert sendt til KS.

## **PS 15/19 Tilsetting. Kommunalsjef i sektor for velferd**



**Formannskapet si handsaming:**

*Møtet lukka i samsvar med kommunelova §31 5. ledd jf Offentlegheitslova § 25 1. ledd.*

Rådmann orienterte om tilsettingsprosessen.

**Ranja Dimmen Alme, Fohar**, føreslår at årsløna blir sett til 850.000 kroner.

**Røysting:**

Samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Nils-Arne Skagøy vert tilsett som kommunalsjef i sektor for velferd frå 1. mai 2019.  
Årsløna vert fastsett til kr. 850.000.

**Erlend Friestad**  
Utvalsesekretær

**Kristian Fuglseth**  
varaordførar